


# LÅVEN




*Espen Marthinsen har leia arbeidet med å få mur under bygget. I den sammenhengen er det arrangert ein serie med kurs i tørrmuring.*

**Prosjektet LÅVEN** i bygningshistorisk park på Dovre er ei lang historie og som enno ikkje er avslutta. Det starta med Handverksregisteret, no i dag Norsk handverksutvikling – NHU, si satsing på reiste konstruksjonar i 1989. Vi var i gang med å reise eit grindebygg på Hordamuseet. Peder Skorpen og Olaf Daae var sentrale tradisjonsberarar på dette bygget. Steinar Moldal hadde rolla som fagperson og Jon Bojer Godal dokumenterte.

Ein kveld drøfte vi framtidsutsikter for den aktiviteten vi var i ferd med å stake ut kursen for: *Vi skulle hatt eit område der vi kunne byggje og syne fram nye hus bygde i gammal teknikk.* Steinar Moldal let det ikkje gro mose på den tanken. Snart var han i gang med elevane sine på Hjerleid med reising av dei første byggverka i det tilrettelagde området som fekk namnet Bygningshistorisk park. Samstundes fór NHU land og strand med dokumentasjon av byggeteknikk.

Etter kvart vart planen for Låven utvikla. Vi skulle bygge ein middelstor låve med i alt seks beresystem representert. Kvart system skulle få ein balk på 5 x 8 m. Huset vart altså 8 m breitt og 30 m langt. Det vart etter kvart redusert til fem system (25 m) og med ei frittstående løe i grindverk ved sida av.



*Den brakekledd løa.*



*Erling Åfløy har laga sperremal.*



*Ole Husås lærde oss om sperreverkshus.*

Sjølve bygginga av låven starta i 1998 med eit dokumentasjonsprosjekt i Ringsaker. Trygve Skaug var tradisjonsberar. Byggjemåten vert kalla sveitserrøst. Åra etter kom det hakk i hæl fleire prosjekt.

I 1999 starta bygginga av ei grindeløe i Sykkylven på Sunnmøre. I 2001 vart ho gjort ferdig. Odd Brunstad var informant.

Romsdalen sitt bukkehus vart reist i år 2000 på Kleive i Molde kommune med Erling Åfløy som tradisjonsberar.

År 2000 starta vi med å ta ut tømmer til stavlinehuset på Nordmøre, og dette prosjektet vart fullført i 2001 med Olav Haugen som tradisjonsberar.

I 2001 bygde vi fotingsrøstet. Det skjedde ved Hadeland Folkemuseum med Oddbjørn Myrdal som tradisjonsberar.

Same år bygde vi også seksjonen i sperreverk. Tradisjonsberar var Jarle Vangstad. Han hadde lært av Ole Husås.



*Trygve Skaug høgger med bila.*



*Olav Haugen feller syll.*



*Oddbjørn Myrdal måler.*

DEN STORE DAGEN kom då vi i april 2002 reiste låven.

Etter at LÅVEN vart reist har arbeidet med han halde fram. Det gjeld kleding, tekking, låvebru og måling. Kurs og samlingar av ymse slag i regi av Senter for bygdekultur har vore knytte til. Stipendiat Erlend Mæhlum frå NHU har måla med ulike bindemiddel. Stipendiat Trond Oalann har stått for å kle grindeløa med einer. LÅVEN har på denne måten fylt sin funksjon på mangfaldige måtar.

LÅVEN har vore viktig lekk i NHU si satsing på eldre byggeteknikk. Byggeprosessen representerer ei omfattande **kunnskapsutvikling**. Dei ulike prosjekta har skaffa fram uvurderlege mengder i så måte. Vi har enno att å gjera mange ugjorde prosjekt før han er ferdig tekt med ulike slags tekkingar som skal lagast og leggjast. Enno skal mykje kunnskap utviklast ved hjelp av LÅVEN.

LÅVEN har vore og er eit viktig pedagogisk hjelpemiddel i det å **formidle** den kunnskapen som han representerer **til nye generasjonar av handverkarar**. Nesten uteljeleg tal fagfolk har vore og vil bli involvert på kurs og samlingar i denne samanhengen. Mange ventar på tur for å få vera med på å gjera LÅVEN enno meir ferdig til ny bruk. LÅVEN har vore viktig i **allmenn formidling** av byggeskikk. Svært mange har vore og kikka, fått orientering og sett på demonstrasjonar. LÅVEN er og vil bli eit markert element i Bygningshistorisk park. Han er **samlingsplass** under arrangement og verkstad under ulike kurs og samlingar som vil bli haldne.

LÅVEN er og vil bli ståande som eit monument over det arbeidet som NHU og Senter for bygdekultur står for i arbeidet med å føre vidare viktige delar av vår handverkskultur. Mange skal takkast for innsats. Krumtappen i det heile har vore Steinar Moldal. Utan han hadde det ikkje vorte. Stiftinga Bygningshistorisk park og NHU har eit stort ansvar for å forvalte det som er utvikla og som skal førast vidare.

LÅVEN er og vil bli eit viktig hjelpemiddel i dette å **styrke handverka og tradisjonane kring dei**.



*Den store dagen. Bygget reiser seg.*



*Mange har vore med. Her er det tyske gesellar som tekker.*